

FORSKINGS- OG INNOVASJONSMEDLINGA 2019

Status og vegen vidare


Presentasjon styremøte HMR 10. juni 2020

Forskins- og innovasjonsmeldinga 2019



FORSKINGS- OG INNOVASJONSMELDINGA 2019
FOR HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Klinikkvis fordeling av publikasjoner



- PS! Antal artiklar er ikkje sett i relasjon til antal tilsette i klinikken.
- 89 ariklar – ny rekord
 - 17 artiklar nivå 2 – også ny rekord

Nøkkeltal

Disputasar


Årstall	Antall disputasar
2013	3
2014	3
2015	2
2016	4
2017	1
2018	4
2019	2

Budsjett


Årstall	Budsjett
2015	12 126 000
2016	13 145 000
2017	13 666 000
2018	13 204 000
2019	12 244 000

Tett på forskingsprosjekta


- Robotiserte knoklar



Ortoped Andreas Dolén (framme) og ingeniør Aleksander Skrede (bak) har stått for det meste av oppbygginga av Biomekanisk robotlaboratorium ved Ålesund sjukehus. (Foto: Helse Møre og Romsdal)




Ortoped Terje Vagstad med eit kirurgisk instrument for kikholtsoperasjonar i ledd. Han har tru på at syngemetoden kan gi folk med ustabile skuldrer ein betre kvardag. (Foto: Helse Møre og Romsdal)



Eit kunstig skulderledd av 3D-printa knoklar er festa på industriroboten ved Biomekanisk robotlaboratorium ved Ålesund sjukehus. (Foto: Helse Møre og Romsdal)



Forsking endrar brystkreftscreening



Å tyde bilder for Mammografiprogrammet krev stor konsentrasjon. Det er små ting vi ser etter, seier radiolog og forskar Solveig Roth Hoff.



DETTE ER BRYSTKREFTSCREENING I NOREG

Mammografiscreening eller brystkreftscreening er radiologisk undersøking av brysta til kvinner som i utgangspunktet ikkje har symptom på brystkreft. I Noreg får alle kvinner mellom 50 og 69 år tilbod om mammografi annakvart år. Bakgrunnen for dette er at slike undersøkingar kan avsløre endringar i brysta som er for små til at kvinnene sjølv kan kjenne dei. Slik kan brystkreft bli påvist på eit tidleg stadium.

Av 1000 kvinner som blir undersøkt i Mammografiprogrammet, er det forventa at rundt 30 blir kalla inn til tilleggsundersøking med ny mammografi og/eller ultralyd, ifølgje Kreftregisteret. Av desse vil rundt 18 få beskjed om at funna ikkje er vondarta. Resten, altså rundt 12 kvinner, må ta biopsi av brystet. Av desse får rundt 6 påvist brystkreft som må behandlast.

Alle mammografibilete med positiv tyding blir diskutert på konsensusmøte der radiologane kjem fram til endeleg screeningresultat. En stor del av mammogramma som blir diskutert, endar opp som negativ

Solveig R. Hoff (radiologisk avd), Torgunn Kursetgjerde (kreftavd.) og Sverrir Olafsson (kir.avd) del av historisk pris

- Kreftforskningsprisen 2019 tildelt Norsk brystcansergruppe (NBCG)
- Kongen delte ut prisen på 1 mill NOK 9. april 2019



Regional Forsringskonferanse 2019



Kristiansund
2. og 3. oktober

Påmelding på
nettsidene til
Helse Møre og
Romsdal.

HELSE MØRE OG ROMSDAL



– Aukende forskningsaktivitet gir grunnlag for alltesatsingar, men forringsssystemet må bli betre, sa Camilla Støtenberg under Regional forskringskonferanse for Helse Midt-Norge 2019 i Kristiansund.

REGIONAL FORSKINGSKONFERANSE 2019:

**OPPMODA FORSKINGSMILJØET
TIL SAMHANDLING**



Rune Aakvik Pedersen fekk forskingsprisen frå Brukarutvalet



Overlege Rune Aakvik Pedersen (til venstre) var med på prisutdeling via videosamtale frå Cambridge under Regional forskingskonferanse for Helse Midt-Norge 2019 i Kristiansund. Her får han prisen frå Snorre Ness (midten), leiar for Regionalt brukarutvalg for Helse Midt-Norge. Christer Jansen (til høgre), innovasjonsrådgjevar ved Helse Møre og Romsdal, serga for videosamtalen.

FEKK FORSKINGSPRISEN FRÅ BRUKARUTVALET

Overlege Rune Aakvik Pedersen ved Aure rehabiliteringssenter i Helse Møre og Romsdal fekk Helse Midt-Norge sin forskingspris under den nylige forskingskonferansen i Kristiansund.

Program forskingskonferansen

Onsdag 2. oktober

- 11:00-12:30: Lunsj
12:30-13:00: Opning v/Øystein Lian, Kjell Nergaard, Berit K. Teige og musikklinja ved Atlanten videregående skole
13:00-13:30: Nyttverdi av forskning v/Giske Ursin
13:30-14:15: The Bergen 4-day treatment: At the core of Bergen Center for Brain Plasticity v/Gerd Kvale
14:15-14:30: Pause
14:30-16:00: **Potensialet i forskningskronene**
Innleiing ved Siv Mørkved
Forskning for en bærekraftig helsetjeneste v/Björn Gustafsson
Helseforskning og -innovasjon – sett fra Forskningsrådet v/Anne Kjersti Fahlvik
Hvordan kan vi øke antall og kvalitet på kliniske studier på norske sykehus? v/Steinar Thoresen
16:00-16:30: Pause
16:30-17:30: Tre parallelle sesjonar med presentasjon av vitenskaplege abstrakt – meir informasjon i konferanseheftet
Abstraktsesjon 1: (Dødeladen Café)
– meir informasjon i konferansehefte
Abstraktsesjon 2: (Møterom Bauten)
Abstraktsesjon 3: (Møterom Skjærva)
17:30-17:45: Pause
17:45-18:45: **Forskning for framtida**
Stamceller på fremtidens behandlingsmeny v/Jan Brinchmann
Strategisk Forskningsledelse – praktiske erfaringer fra et offentlig sykehus i Danmark v/Lise Tarnow
20:00: Middag

Torsdag 3. oktober

- 09:00-10:30: Forsking: framtid, samarbeid og formidling
Innleiing v/Stig Slørdahl
Et forskning- og innovasjonssystem for bedre folkehelse v/Camilla Stoltenberg
Frå hav til helse v/Tormod Thomsen og Dag Arne Lihaug Hoff
Tre gode grunner til å skrive og snakke om forskningen din på en måte som alle forstår v/Eivind Lauritsen
10:30-10:45: Pause
10:45-11:45: **Samhandlingsforskning og abstraktsesjonar**
1) Samhandlingsforskning: på lag for betre helse
Forskning i primærhelsetjenesten – et felles ansvar. Hvordan få til kraft og retning? v/Wenche Pedersen Dehli
Kan kliniske problemstillinger danne grunnlaget for translasjonsforskning? v/Stein Kaasa
2) Abstraktsesjon 4, (Dødeladen Café)
3) Abstraktsesjon 5, (Bauten)
11:45-12:00: Pause
12:00-12:30: Brukarmedverknad i forskning
Fra teori til praksis: Erfaringer med forskerkurs for brukerrepresentanter v/Einar Vedul-Kjelsås
12:30-12:55: Utdeling av pris frå Regionalt brukertvalg v/Snorre Ness
12:55-13:05: Utdeling av prisar for beste vitenskaplege bidrag
13:05-13:15: Avslutning
Lunsjbag delast ut ved avreise

Innovasjonsprosjekt

Digital løysing i hjarterehabilitering



Illustrasjonsfoto: Shutterstock



Kardiolog Bra Rice fekk støtte til prosjektet
«Digital løysing i hjarterehabilitering»

Videokonsultasjonar



Illustrasjonsfoto: Shutterstock

Prosjektleder Kathrin Enabakk fortel at alle poliklinikkar som sett igang med videokonsultasjonar får ein mentor som støttar og følger opp undervegs

VIDEOKONSULTASJON

I 2019 vart videokonsultasjon innført i HMR, rundt 30 poliklinikkar fekk utstyr for å gjennomføre konsultasjonar via video.

Disputasar

Tone Stokkerei Matsson



Når hjernen ikke hører

Sigmund Ytre-Hauge




Avansert biletanalyse hjå
pasientar med livmorkreft

Klinisk forskingspost –ein hovudmotor



Forsking i Kreftavdelinga



Illustrasjonsfoto: Shutterstock



Jo Åsmund Lund som har leia arbeidet. Lund er overlege i onkologi og førsteamanuensis II ved NTNU.

KLAR PLAN FOR FORSKINGA I KREFTAVDELINGA

Kreftavdelinga i HMR har utmerka seg med eigen forskingsstrategi og forskingskomite.

Helse Møre og Romsdal er med i CAGs



Illustrasjonsfoto: Shutterstock

CLINICAL ACADEMIC GROUPS (CAG) I HMR

Ny forskning kan bidra til bedre diagnostikk av hjarte- og karsjukdomar og auka kunnskap om kronisk tarmbetennelse

CAG er ein modell for fagleg samhandling mellom klinikarar og forskarar i helseføretak og vitenskapleg tilsette ved universitet og høyskular. I ein CAG skal nye idéar til forskning, innovasjon, undervisning og kompetanseutvikling utviklast i samarbeid. Føremålet med CAG er å organisere eit høgkompetent og tverrfagleg team for å adressere ei definert helseutfordring i regionen, auke kvalitet på kunnskapsutvikling, bygge sterke kompetansemiljø og bidra til at forskingsbasert kunnskap vert tatt i bruk i opplæring, praksisendring og undervisning.

Tverrfagleg samarbeid

Det er Samarbeidsorganet som tildeler midlar til å bygge opp slike tverrfaglege fellesskap som består av ei samling av faglege aktivitetar og forskingsprosjekt for å styrke eit fagområde/tema. I 2019 vart det etablert to CAGs i Helse Midt-Norge (med oppstart 2020) som begge involverer forskarar frå Helse Møre og Romsdal.

Deltakarar frå HMR

Den eine gruppa, «Improved cardiac diagnostic imaging at the patients' point of care», ønskjer å utvikle og evaluere

nye diagnostiske metodar hos pasienter med hjarte- og karsjukdom. Målet er å implementere ny teknologi ved sjukehusa i regionen og redusere ulikskapane i diagnostiske metodar. Dette vil medføre eit redusert behov for overflytting av pasienter mellom sjukehusa. Overlege i radiologi Kristian Kolnes frå Volda sjukehus er medlem i styringsgruppa i prosjektet. Synne Sandberg er irvasiv kardiolog ved Volda Sjukehus og er med sitt ph.d.-prosjekt også involvert. Det same er overlege i kardiologi Eva Rice frå Ålesund sjukehus.

Den andre gruppa, «Precision medicine in inflammatory bowel disease (IBD)», skal samle legar og forskarar i regionen for pasientfokustert translasjonsforskning. Dette CAG-prosjektet inneber standardisert diagnostikk, oppfølging og behandlingsbeslutning for IBD på dei involverte sjukehusa. Det skal gjerast presise registreringar av pasientdata og takast systematiske prøver for klinikk og forskingsføremål gjennom sjukdomsforløpet. Overlege i gastroenterologi Heidi Hjelte ved Molde Sjukehus er med sitt ph.d.-prosjekt med i denne gruppa.

Per dato

- Ca 40 doktorandar i løp/3 postdoktorar
- Etablert Overordna samarbeidsorgan i M&R mellom HMR, UH-sektoren og med observatørstatus frå KS, brukarar. Forskingsrådet, Fylkeskommunen
- Etablert DAC-gruppe for å kvalitetssikre forskingsprosjekt som er relatert til HMR
 - Alle prosjekt som datasanker i HMR registreres og går først til AU-DAC (arbeidsutval) som gjør innstilling til DAC-gruppa
 - Sjå: <https://helse-mr.no/fag-og-forsking/forsking-og-innovasjon/forskingsstotte/dac-godkjenning-av-forskinsprosjekt> (vis på skjerm)
- Under diskusjon/vurdering omorganisering forskingsutvalet/
organisering av forskning i klinikk
- Alle retningslinjer forskning etc = nyleg oppdatert

Det meste ligg oppdatert og til rette for neste forskningssjef

